

HØYRINGSINNSPEL

Sak	Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovedprosjekt Faglig og administrativ organisering
Saksnr.	16/05641
Dato sendt ut på høyring	19.12.16
Høyringsfrist	13.1.17
Send høyringsinnspel til:	Innsending før 31.12.16: post@hib.no ; post@hisf.no ; postmottak@hsh.no Innsending etter 01.01.17: post@hvl.no
Bakgrunn for saka	Delprosjektgruppa legg i vedlagte rapport fram sine vurderingar og modeller med forslag til organisering av den administrative verksemda. Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg).
Høringsspørsmål som delprosjektet ønsker svar på	
Kapittel 4	I begge modellane er det identifisert kva slags oppgåver som fysisk må vere tilgjengelege på studiestadane. Er det oppgåver som manglar – i så fall kva for oppgåver og kvifor?
	Korleis vurderer høyringsinstansane fordelinga av oppgåvene mellom a. institusjons- og fakultetsnivå i modell 1? b. institusjons- og fakultetsnivå i modell 2?
	Er det naudsynt å vidareutvikle eller etablere nye administrative område i HVL - kvifor?
Kapittel 5	Ut frå det vi veit så langt i fusjonsprosessen – er det ein av dei to modellane som støttar betre opp om forslaga til organisering av den faglege verksemda enn den andre? (Jf. rapport frå Delprosjekt Leing og fagleg organisering)
	Korleis oppfyller modell 1 og modell 2 målsettinga om likebehandling av studentar og tilsette i HVL?

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

Kapittel 6	<p>Delprosjektet peikar på forhold som må greiast ut nærare, uavhengig av kva for ein modell ein vel.</p> <p>Vi ber høyringsinstansane om å gje innspel til andre forhold som må greiast ut.</p>
Ansvarlig	Prosjekt Fagleg og administrativ organisering – Delprosjekt Administrativ organisering
Utsending	Programsekretariatet

HØYRINGSINNSPEL

Sak	Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovedprosjektet Faglig og administrativ organisering
Saksnr.	16/05641
Høyringsinstans (svarar)	Parat HVL
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	Innspelet frå medlemmane og tillitsvalde frå alle nærregionar.
Innspelet Bruk fleire sider om det trengs	
Kap 4	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Korleis vurderer høyringsinstansane fordelinga av oppgåvene mellom</p> <p>a. institusjons- og fakultetsnivå i modell 1?</p> <p>b. institusjons- og fakultetsnivå i modell 2?</p> <p>Vi står i startgropa til å bygge ein ny organisasjon – Høgskulen på Vestlandet. I den samanheng er det viktig at vi har fokus på akkurat dette – bygge ein samla organisasjon.</p> <p>Dei administrative tenester må samlast under ein felles paraply – fellestenester for å sikre at vi utviklar ein felleskultur / forståing for felles sett med rutinar og retningsliner i HVL.</p> <p>Dette vil redusera sårbarheit. Ein vil få lik tilgang på ressursar sjølv om fakultetet er stort eller lite.</p> <p>Fusjonsavtalen seier at vi skal bygge store robuste og effektive fagmiljø. Ein må ikkje gjere det personavhengig men meir fleksibelt. Slik at dei som arbeider innanfor same område, har eit fellesskap/forum uavhengig av kvar dei er plasserte fysisk og organisatorisk.</p> <p>Merknader til fordeling av oppgåver mellom dei to modellane:</p> <p>I modell 1 vil ein i større grad få samla fagansvar knytt til administrative tenester medan ein i modell 2 vil måtte vere delt for enkelte administrative funksjonar på fakultetsnivå dersom ein ynskjer ei form for standarisering på tvers av fakulteta. Ved å samla personal og fagansvar i fellestenester vil alle få lik moglegheit for fagleg utvikling uavhengig av kvar ein sit.</p>

	<p>Konfliktar mellom personale og fagansvar vil kunne føra til dårligare samarbeid på tvers.</p> <p>Små fagmiljø er sårbare, også dei administrative. No når me har blitt så store, har me mogelegheit, og bør nytta den til å bli meir robuste. Dette legg modell 1 meir til rette for. Alle funksjonar bør ha ein stedfortredar (men ikkje nødvendigvis på same campus) som kan ta over oppgåvene ved fråvær. Dette legg modell 1 meir til rette for. Modell 2 fragmenterer enkelte av dei administrative fagmiljøa.</p> <p>Organisering av fellestenester set krav til godt samarbeid. Dette kan løysast med med fagtema på tvers. Gode og kompetente team vil ha lokal kunnskap, vil kunne jobbe strategisk og utvikle god fagkunnskap om sitt området. Dette vil kome heile organisasjonen til gode. Fakulteta får sine kontaktar (fagpersoner) i fellestenester. Dei administrativt tilsette blir tekne med i aktivitetar på fakulteta. Ein vil med dette få ei tett kopling mellom fellestenester og fakultet.</p> <p>Eit viktig moment som må kome tydelig fram er at det er snakk om fellestenester og ikkje sentraladministrasjon.</p>
<p>Kap 5</p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Ut frå det vi veit så langt i fusjonsprosessen – er det ein av dei to modellane som støttar betre opp om forslaga til organisering av den faglege verksemda enn den andre? (Jf. rapport frå Delprosjekt Leiing og fagleg organisering)</p> <p>I utgangspunktet begge to, men modell 1 er mindre sårbar. I modell 1 er det likebehandling, like rutinar. Den vil i større grad tilby tenester etter behov. Ein vil og få lik tilgang på ressursar. Det er lettare å justere/tilpasse ressursbruken ved val av modell 1.</p> <p>Med dei administrativ tenestene samla i ein paraply fellestenester vil ein kunne nytta alle administrative ressursar knytt til kvar campus effektivt, der same person kan levere same teneste med høg kvalitet knytt inn mot ulike fagavdelingar på same campus. Sjølv om vedkomande då er tilsett i fellestenesta, vil nærleiken til utdanningane på campus gje minst like høg kvalitet på tenesta til fagavdelinga som om vedkomande hadde sete i fakultetsadministrasjon på ein anna campus. I tillegg vil ein då òg sikra likehandsaming av studentar ved ulike fakultet på same campus.</p> <p>Dersom fakultetsadministrasjon, bør alle likevel bruke dei same systema, prosedyrar og rutinar. Dette både for å sikre likehandsaming av studentar og tilsette, og for å kunne hjelpe kvarandre på tvers av einingar/fakultet/studiestadar ved fråver eller «toppar» i arbeidsmengd.</p> <p>Ved at for mykje myndigheit blir overført til fakulteta kan det etter kvart oppstå tre (fire) institusjonar i HVL Dette kan føre til at HVL mister sin identitet, institusjonens strategiske slutningar kan være vanskeleg å gjennomføra og ein kan mista styring på institusjonsnivå.</p> <p>Ein står ikkje fram som samla institusjon utad.</p>

	<p>Korleis oppfyller modell 1 og modell 2 målsettinga om likebehandling av studentar og tilsette i HVL?</p> <p>Modell 1 som har størst fokus på fellestenester støttar betre opp om likebehandling av studentar og tilsette. Modell 1 gjer det lettare å standardisera tenestene som vert tilbydt og gjev vidare mogelegheit for fleksibilitet knytt til varierende behov for tenester. Viktig å samhandla einheitlege tenester på tvers av campus for å unngå usakleg forskjjelshandsaming. Dette ivaretek og dei spesielle tilfella kor det er hensiktsmessig å ta særskilte omsyn. At det er samkøying av rutinar og at ein deler kunnskap på tvers av campus og fakultet vil sikre ein heilheitleg og profesjonell forvaltning.</p>
<p>Kap 6</p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Delprosjektet peikar på forhold som må greiast ut nærare, uavhengig av kva for ein modell ein vel.</p> <p>Vi ber høyringsinstansane om å gje innspel til andre forhold som må greiast ut.</p>
<p>Andre merknader</p>	<p>For å sikre lik kultur og forståing er det viktig med felles opplæringsdagar for alle tilsette.</p> <p>Fellestenestane bør organiserast slik at administrative tilsette sit desentralisert nær studentar og tilsette i alle nærregionane/campus. Vi er ikkje tent med at ein bygger opp ein sterk administrasjon nær rektor og lite ute i nærregionane /campus.</p> <p>Ved å ha fellestenester er det lettare med informasjonsflyt, ein blir meir effektive, ansvaret blir tydelig og prosessane kan optimaliserast.</p>

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

--	--